

---

**Fra:** Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>  
**Sendt:** onsdag 17. januar 2018 13.17  
**Til:** Rolf Raknes  
**Kopi:** Håkon Zakariassen; Jon Askeland; Jarle Landås; Lisbeth Toppe Alvær; Tonje Nepstad Epland; Christel Villanger Håland  
**Emne:** Fløholmen - Nordre Byngja

Viser til PLT sak 009/2018.

Eg tillet meg å kommentera :

Første side i utgreiinga : *Plansaka vart avslutta utan endeleg planvedtak*. Denne påstanden må det gjerast nærmere greie for. Forslagsstiller har ikkje trekt planframleggget for småbåthamna. Planutvalet (og kommunestyret) har vedteke å leggja planframleggget ut til offentleg ettersyn. Kvifor er ikkje dette gjort ?

Konklusjonane :

a) *Reguleringsplan for småbåthamn*

Rådmannen vurderer at detaljregulering av småbåthamn kan startast i samsvar med reglane i PBL kapittel 12. Dette grunna at småbåthamnarealet og tilhøyrande landareal er del av overordna plan og detaljering kan gjerast i samsvar med det.

Dette er vel gammalt nytt - jf. avsnittet ovafor ?

b) *Utviklingskonsept for Fløholmen og Nordre Byngja.*

Initiativtager har bede om politisk signal og avklaring omkring konseptskissa. Rådmannen vurderer at konseptskissa viser tiltak som er omfattande og som vil ha stor innverknad på miljø og samfunn. Eit innspel av denne størrelse og art vil høyra naturleg til i ein revisjon av kommuneplanen. Det er trøng for ei politisk avklaring av om det skal opnast for denne type anlegg i kommunen, og om det då eventuelt kan finnast alternative plasseringar for dette i kommunen.....

Etter det eg forstår vert det ingen revisjon av Radøy kommuneplan.

I følgje det som har kome ut frå møtet mellom Troms Kråkebolle AS og Radøy kommune (v/ Askeland, Landås, Epland og Alvær) hausten 2015 var kommunen positiv til ideen om landbasert anlegg på Nordre Byngja. Dialogen stranda på ulike verdivurderingar/takstar (8 mill (regulert?) vs. 2 mill (uregulert?)) og ei kommunal forventning om at Fløholmen AS selde heile Nordre Byngja før arealbruken kunne takast opp til vurdering på kommunalt hald.

Framlegg til vedtak :

- a. Føreliggjande planframlegg for småbåthamna vert lagt ut til offentleg ettersyn på det grunnlaget som ligg føre
- b. Utviklingsskissa for Nordre Byngja vert å oversenda formannskapet for vurdering av offentleg/privat samarbeid om konseptutvikling, marknadsføring, arealplanlegging og tilrettelegging.

Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg. 7B  
5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55 59 82 62  
mob 907 88 921